



Trufaste feriegjester, Lise, Bino og Vidar.

«Vi likar oss så veldig godt her», svarar Lise og Vidar Raugstad då eg spør dei om grunnen til at dei har feriert i Uskedalen i heile 25 år, og så ramsar dei opp,« Det er så kjekke folk her, ein veldig god butikk med fantastisk betjening, god hamn, veldig triveleg med Oska, vi er blitt kjent med folk og føler oss verkeleg velkommen. Ja, og så er det betre temperatur enn i Nordhordland. Vi slepp den nordavinden!»

Det er ingen grunn til å tvila på at dei meiner alt det positive dei seier om Uskedalen, Lise og Vidar Raugstad frå Lindås. Det bør vera bevis nok at dei har lagt båtferien til Uskedalen i 25 år. Og dei er ikkje berre ei og to netter i Uskedalen.

- Vi har pleidd å vera her kvar påske, i pinsa og om sommaren har vi brukt å vera her rundt ein månad. I år blir det berre tre veker, for vi har litt kortare ferie, fortel dei to då eg møter dei på Sandakaien, der den flotte båten deira, ein Princess 50, som har alle fasilitetar. Det er hytte på sjøen, og det er akkurat det ekteparet treng, for dei elsker å vera på sjøen. Denne båten har dei hatt dei siste 8 åra, og like lenge har dei hadde den koselege hunden, Bino, det tredje familiemedlemmet som er fast med til Uskedalen.

Det er første året dei ligg ved Sandakaien etter at dei i mange år har hatt plass i Øyro Marina. Dei synes det er ein kjempeplass, og dei har fått god service av eigarane.



I båten sin har dei alle fasilitetar som skal til for å ha ein lang og god ferie i Uskedalen.

Vidar har tilknytning til bygdene her. Rett nok hadde han sine første år på Voss, men store deler av oppveksten budde han i Herøysundet. Han er son av Wilhelm Raugstad som vi hugsar dreiv stort i entreprenørbransjen. Familien flytta til Nordhordland i samband med Mongstad-utbygginga, Vidar gjekk tidleg inn i firmaet til faren, og etter kvart overtok han det. I dag styrer han firmaet Nordhordland grunn og betong med kona Lise som nær medarbeidar på kontoret. Dei driv med alt innan entreprenørbransjen, har godt med arbeid med aktivitet i Bergensområdet og Nordhordland, men mest på Mongstad. No har dei mykje arbeid med Johan Sverdrup-leidningen. Firmaet har 33 tilsette, men dei leiger inn ein del så pr. i dag er dei rundt 50.

At dei er ekte Uskedals-vener vert og understreka når Lise fortel at ho er innom både uskedalen.no og webkamera i bygda både ein og fleire gonger kvar bidige dag, også når ho er heime.

Vi ønskjer det triveleg paret gode feriedagar vidare. Det er kjekt med besøk av så positive folk!

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland